



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for september 2013.

Årgang 49

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Karin S Holstad  
Visepres: Øystein Alme  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Jarle Kristiansen  
Styremedlem: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Eileen H. Brandal  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Hans Gisle Holstad

## Fødselsdagar i september:

Johs. J. Hareide	16. september
Oddvar Haugen	18. september
Ingar Bigset	25. september

---

## Kor lang er vegen.

Eg spurde vinden:  
Sei meg  
Du flygande flyktning,  
Kor lang er ennå vegen  
Mellom vest og aust

\*

Og vinden svara:  
Så lang som vegen  
Frå menneske til menneske.

*Anna Skeide*

---

## **Møte 2. september.**

Etter den tradisjonelle innleiingssongen og nokre små orienteringar frå presidenten Karin S Holstad, var temaet på dette møtet gjennomgang av tidlegare vedtekne vedtekter. (november 2006)

Eksisterande vedtekter vart gjennomgått av presidenten punkt for punkt med etterfølgjande små kommentarar og diskusjon frå forsamlinga.

Nokre små endringar/presiseringar vart gjort. Vedtektene skal på nytt opp på årsmøte måndag 14. oktober.

## **Møte 9. september.**

På sjølvaste stortingsvaldagen var det Inga Ishild Hareide som skulle ha hovudinnhaldet. Sidan det var val, var frammøte avgrensa. Det hindra ikkje at Inga heldt eit inspirerande foredrag om Kvinnene sin stemmerett, ja sågar kamp om stemmerett frå slutten av 1800-talet og framover i det 19. hundreåret. Svært interessant.

Ho slo fast at då Norge fekk eiga grunnlov i 1814, var det berre menn av ein viss stand som fekk stemme. Dette vart etter kvart utvida. – Først i 1886 vart kvinnene sin stemmerett teke opp i Stortinget. Det vart ein lang kamp, og motargumenta var mange. I 1901 fekk kvinnene avgrensa kommunal stemmerett, og dertil retten til å bli valde til kommunestyret.

I 1905, då det ved folkeavstemming skulle avgjerast om unionen mellom Norge og Sverige skulle løysast opp, fekk berre mennene stemme. Dette reagerte kvinnerørslene sterkt på, og på kort tid vart det organisert ein underskriftkampanje over heile landet. I brodden for dette arbeidet stod Fredrikke Marie Qvam, som også stifta Norske Kvinners Sanitetsforening. På kort tid vart det samla inn nesten 280 000 underskrifter der norske kvinner sa ja til unionsoppløysinga. 169 kvinner i Hareid skreiv seg på denne lista.

Med dette beviste dei både sitt nasjonale sinnelag og si politiske interesse. «Kvinnenes folkeavstemming» fekk difor stor betydning for stemmerettskampen vidare. – I 1910 fekk kvinnene allmenn stemmerett ved kommuneval, og 11. juni 1913 vart det samrøystes vedteke i Stortinget å gi kvinner allmenn stemmerett også ved stortingsval. Og ved stortingsvalet i 1915 stod norske kvinner og norske menn saman i vallokale for å gi si stemme.

## **Møte 16. september.**

Vi synge alltid innleiingsvis på møta. Denne gongen vikarierte Øystein Alme som president, og etter korte orienteringar fekk Bernhard Harkjerr ordet der han orienterte om «Trimgruppa i Hareid idrettslag». Han er sjølv nyvald leiar i gruppa som er inne i sin 25 sesong som eiga gruppe i laget.

Gruppa har ei 3-4 viktige oppgåver som dei gjennomfører kvart år:

1. FJELLORIENTERINGA som har hatt ein enorm oppsving siste åra. Ein sel no år om anna nærare 400 kartmapper. Det tyder på aktiv fjellgåing til ulike postar på fjella på Hareidlandet er stor fritidsaktivitet for mange.

2. FRILUFTSGUDSTENESTE på Alskleiva i samarbeid med Hareid kyrkje er også ei viktig oppgåve for gruppa kvar haust, i august. Gruppa syter for utlodning og gevinstar, og er med i arrangementet.

3. DEN STORE STYRKEPRØVA, fjell-løpet på åsryggane mellom Eiksund og Hjørungneset, er populært for nokre. Veret har no hindra endå større deltaking. Men ei styrkeprøve (m/diplom) er det. 2t12 min for menn, 3t26 min for kvinner

Elles har gruppa år om anna arrangert JOGG/DAMETRIM på Bigset skule og Idrettsmerketaking på stadion. Men desse to siste aktivitetane har ein hatt vanskar med å få til siste åra.

Gruppa har etter kvart fått ei vesentleg betydning også i forhold til helseperspektivet som har sterk offentleg fokus i desse dagar.

## **Møte 23. september.**

Jan Håvard Nytnun hadde denne rotarydagen rigga seg opp med audiovisuelt utstyr for å orientere oss litt om planane og «bekymringane» Rotary har i forhold til medlemsutvikling.

Han understreka at det viktigaste arbeidet på dette området går føre seg i klubbane. Hareid er rekna for å vere ein veldriven klubb med målsetjing på pluss/minus 50 medlemmar. I det siste har dette talet gått ned for oss, frå 50 til vel 40 tilliks med nedgang i talet på landsplan. Greitt då at prosenten kvinner hos oss i forhold til landsplan, held seg oppe.

For å få fleire medlemmar er det understreka kor viktig det er for medlemane at dei føler arbeidet i klubben meiningsfullt. Medlems-  
talsvekst er no eit av hovudmåla for RI , for distriktet og delvis også bør det vere det for Hareid.

Han understreka at det berre er gjennom å behalde, utvikle og fornye medlemsmassen, at organisasjonen kan overleve. Han under-  
streka at Rotary bygg på eit yrkesbasert nettverk der vennskap, etiske retningsliner, -- og det å vere i «teneste for andre» står sentralt.  
I krisetider rundt om i verda bør nettopp Rotarys målseting å hjelpe og tene andre vere gode argument for medlemsrekruttering, slo  
han fast.

### **Møte. 30. september.**

Programfritt med kaffi og vaflar i ein fin diskusjon/samtale rundt borda

Det sosiale har også sin plass i Rotary med arbeid og næringsliv også som tema ispedd politiske u- og kulturelle tema.